



## Referat frå kommunemøte torsdag 10. juni 2021

**Tema:** Koronaberedskap

**Deltakarar:** Statsforvaltaren, kommunane, helseføretaka, fylkeskommunen.

**Ikkje til stades:** Austevoll, Fitjar, Gulen, Hyllestad, Lærdal, Sunnfjord, Samnanger, Stad, Ullensvang, Voss, Helse Førde, KS og Sivilforsvaret.

**Møteleiar:** Haavard Stensvand

### Innhald

1. Informasjonssaker .....	1
2. Gjennomføringa av Stortings- og Sametingsvalet 2021 .....	2
3. Utanlandsk helsepersonell .....	2
4. Koronasertifikat (vaksinepass) og fritak frå innreisekarantene .....	3
5. Skuleavslutningar .....	4
6. Vaksine .....	4
7. Janssen-vaksinen .....	5
8. Testing ved private aktørar .....	5
9. Bestilling av hurtigtestar i turistkommunar .....	5
10. Epidemiologisk rapport .....	6

### 1. Informasjonssaker

#### Status nasjonalt

Vi var i møte med direktorata i går, der FHI orienterte om status. Det er framleis nedgang i talet meldte smittetilfelle, og talet sjukehusinnleggingar og dødsfall er låg. Det er god progresjon og svært stor oppslutnad om vaksinasjonsprogrammet. Enkelte kommunar opplever utbrot, særleg blant ungdom og unge vaksne.

FHI understreka at det framleis vil kome lokale utbrot i tida framover, og at kontroll på smitten er avheng av god etterleving av tiltak. Nye virusvariantar og den internasjonale situasjonen kan òg endre bildet.

#### Kommunelege med smittevernansvar – t.o.m. veke 32

Vi minner om at de kan melde inn kontaktopplysningar som tidlegare i [skjema på nettsidene våre](#). Det er ein lang periode vi ber om oversikt for, og vi veit at ikkje alle enno har fått avklart ferie og fungering. Skjemaet vil difor vere tilgjengeleg gjennom sommaren, de kan ev. òg gi melding om endringar til [sfvberedskap@statsforvalteren.no](mailto:sfvberedskap@statsforvalteren.no). Vi oppdaterer lista som er publisert på nettsidene våre fortløpande.

<https://www.statsforvalteren.no/vestland/helse-omsorg-og-sosialtenester/helsetenester/kommuneoverlegar-og-smittevernlegar/>



### 2. Gjennomføringa av Stortings- og Sametingsvalet 2021

Regjeringa er opptatt av at gjennomføringa av Stortings- og Sametingsvalet skal skje på ein måte som sikrar at valet ikkje er utsett for påverknad. Det er ikkje avdekket forsøk på uønskt påverknad på val i Noreg, men regjeringa er likevel førebudd på at det kan skje her i landet òg. Det er difor sett i verk fleire tiltak for å hindre uønskt påverknad før, under og etter valet.

Vi var denne veka i møte med alle politidistrikta og sentrale styresmakter. Målet til politiet er å bidra til at valkampen og valet vert gjennomført på ein trygg og sikker måte. Politiet skal m.a. innhente informasjon og identifisere mogleg risiko, førebygge og respondere på fysiske angrep/trusler/hatefulle ytringar mot myndigheitspersonar, politikarar og samfunnsdebattantar.

Vest politidistrikt fortalte at det gjennom politikontaktane er etablert dialog med kommunane om dette temaet. Vi hjå Statsforvaltaren har ikkje kunnskap som skulle tilseie at det er stor risiko for at det kan skje noko uregelmessig før og under valet. Vi ser likevel at media med jamne mellomrom skriv om saker der politikarar på alle nivå er utsett for sjikane og mobbing. Det må vere ein låg terskel for å reagere mot slike ting, og difor synst vi at det er viktig at det er ein dialog mellom kommunen og politiet om dette temaet.

Vi ber om at dei kommunane som ikkje har snakka med politikontakten om dette om å melde frå til oss, så kan vi eventuelt ta det opp med leiinga i politidistriktet.

### 3. Utanlandsk helsepersonell

Vi har fått nokre spørsmål knytt til karantenerengar og -fasilitetar for helsepersonell frå utlandet som skal jobbe i kommunehelseteneste i sommar. Vi veit ikkje om dette er eit aktuelt tema for fleire kommunar, men vi nemner det likevel for å gjere merksam på følgjande:

- Det er framleis strenge innreiserestriksjonar.
- Sjølv om helse- og omsorgssektoren er definert som kritisk samfunnsfunksjon, betyr det ikkje at alle tilsette er unnateke innreiserestriksjonar.
- Helsepersonell (med nokre unntak for Sverige og Finland), kan berre reise inn til landet dersom det er vurdert til å vere strengt nødvendig for å kunne oppretthalde forsvarleg drift av kritiske samfunnsfunksjonar eller ivareta befolkninga sine grunnleggande behov.
- Slik vurdering må dokumenterast skriftleg og framleggast for politiet ved grensepassering. Ein dokumentmal for dette finn de på regjeringa sine sider om kritiske Samfunnsfunksjonar, nøkkelpersonell og innreise: <https://www.regjeringen.no/no/tema/samfunnssikkerhet-og-beredskap/innsikt/liste-over-kritiske-samfunnsfunksjoner/id2695609/>.
- Vi minner òg om at viss kommunen som arbeidsgjevar tilbyr innkvartering til utanlandsk helsepersonell, må innkvarteringa godkjennast på førehand av Arbeidstilsynet viss de ønskjer at innkvarteringa skal kunne brukast for å gjennomføre innreisekarantenen. <https://arbeidstilsynet.no/tema/innkvartering-av-arbeidstakere/godkjenning-av-innkvartering-for-arbeidstakere-i-innreisekarantene/>.
- Utan godkjenning frå Arbeidstilsynet eller tilgang til anna eigna opphaldsstad\*, må innreisekarantenen gjennomførast på karantenehotell. I så tilfelle er det arbeidsgjevar (kommunen) som pliktar å betale eigenandel for arbeidstakars opphald på karantenehotell. (\*Krav knytt til eigna opphaldsstad er spesifisert i forskrifta § 5, og vi har bedt sentrale styresmakter om ei avklaring på om det framleis vil vere krav til minimum seks månaders leigekontrakt).



Dersom de skulle ha spørsmål i høve desse tema, kan de kontakte oss på beredskapsadressa: [svlberedskap@statsforvalteren.no](mailto:svlberedskap@statsforvalteren.no).

#### 4. Koronasertifikat (vaksinepass) og fritak frå innreisekarantene

Norsk ordning med koronasertifikat ("vaksinepass") er no lansert på helsenorge.no, for å vere klart for bruk frå i morgon, fredag 11. Juni. Dei som er fullvaksinerte eller har gjennomgått covid-19 siste seks månader, er frå same dag kl. 15 fritekne frå innreisekarantene. Dette må dokumenterast med koronasertifikat (QR-kode) frå helsenorge.no, som kan lastast ned og prentast ut eller visast fram digitalt. Reisande inn til landet med gyldig koronasertifikat må likevel testast på grensa. Koronasertifikatet vil førebels berre vere gyldig for bruk ved innreise til Noreg, og elles i høve bruksområde i trinn 3 som regjeringa bestemmer, dei kjem tilbake til dette neste veke.

EUs koronapassløyning er venta å kome på plass i slutten av månaden eller i starten av juli. Inntil vidare er det ikkje satt nokon sluttdato for kor lenge sertifikatet er gyldig etter fullvaksinasjon eller kombinasjon av delvaksinasjon/gjennomgått covid-19. For gjennomgått covid-19 er varigheita seks månader. Grunna omsyn til sikkerheit, og fare for forfalsking, er sertifikatet likevel berre gyldig for 90 dagar om gongen for kvar gong du laster det ned, men dette er rullerande, slik at for fullvaksinerte blir det nye 90 dagar for kvar gong dei laster ned sertifikatet.

Sjå meir informasjon på nettsidene til FHI, Helsedirektoratet og helsenorge.no:

- <https://www.fhi.no/om/koronasertifikat/dette-gir-gront-og-rodt-lys-i-koronasertifikatet/#immunitet-etter-aa-ha-hatt-koronasykdom>
- <https://www.helsenorge.no/koronasertifikat/>
- <https://www.helsedirektoratet.no/nyheter/ofte-stilte-sporsmal-om-koronasertifikatet-i-dag>

#### Spørsmål frå Lærdal kommune:

«Fra i morgen gjøres det unntak fra innreisekarantene for fullvaksinerte med gyldig dokumentasjon. De skal uansett testes ved innreise, slik jeg har forstått det. Nå er det mulig det kommer mer detaljerte retningslinjer etter hvert. Stiller likevel spørsmålet da vi får det her allerede. Er de også unntatt fra kravet om negativ test i avreiseland før ankomst Norge».

Jf. covid-19-forskrifta § 4a andre ledd: kravet om attest som viser negativ test for SARS-CoV-2 gjeld ikkje personar som ved godkjent laboratoriemetode kan dokumentere at dei i løpet av siste seks månader har gjennomgått covid-19. Kravet gjeld heller ikkje norske statsborgarar eller utlendingar som er busett i Noreg med opphaldsløyve eller opphaldsrett etter [utlendingsloven](#) viss det har vore umogleg eller uforholdsmessig krevjande å skaffe slik attest. Vi veit ikkje korleis dette blir vurdert i praksis.

**Merknad til referatet etter møtet:** det kjem forskriftsendring gjeldande frå fredag 11. juni som presiserer dette. Endringsforskrift blir sendt saman med dette referatet til kommunane, vi viser elles til lovdata som blir oppdatert i løpet av dagen når forskrifta vert gjort gjeldande.

Meir informasjon: [https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/innreise-og-karantenefritak-dette-er-reglene-som-gjelder-ved-innreise-til-norge/id2860499/?utm\\_source=regjeringen.no&utm\\_medium=email&utm\\_campaign=nyhetsvarsel20210611-10:24%20AM](https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/innreise-og-karantenefritak-dette-er-reglene-som-gjelder-ved-innreise-til-norge/id2860499/?utm_source=regjeringen.no&utm_medium=email&utm_campaign=nyhetsvarsel20210611-10:24%20AM)



«Skal de uansett registrere seg på portalen [Entrynorway.no](https://www.entrynorway.no)?»

Ja, alle som kjem til Noreg frå eit land som i utgangspunktet utløyser karanteneplik, må registrere seg. Det gjeld òg norske statsborgarar. Så langt har vi ikkje informasjon om at det kome endringar i høve dette for fullvaksinert.

### 5. Skuleavslutningar

På tysdag sendte vi ut informasjon om at det på [helsenorge.no](https://www.helsenorge.no) var lagt ut informasjon om skule- og barnehageavslutningar.

Frå regjeringen.no:

- *Hele kohorten fra barneskole eller barnehage kan samles til egen avslutning for barna og med et nødvendig antall voksne som tilretteleggere. For de minste barna, kan det være nødvendig å ha med en voksen per barn.*
- *Vitnemålsavslutninger for 10. trinn eller 3. trinn på videregående skole (VGS), samt seremoni for utdeling av fag- og svennebrev, kan sammenlignes med et kulturarrangement der publikum (foreldre) sitter på faste, tilviste plasser.*
- *Hvis skolen er arrangør, kan slike seremonier gjennomføres i trygge rammer på lik linje med kulturarrangement. Da kan man samle inntil 200 personer innendørs hvis det er plass i lokalet og det ikke er strengere bestemmelser i kommunen. I slike tilfeller er det kun selve vitnemålsutdelingen som regnes som arrangement.*

<https://www.helsenorge.no/koronavirus/feiringer-sammenkomster-og-arrangementer/#rad-for-skole-og-barnehageavslutninger-for-barn-og-ungdom>

Vi legg til at andre skuleavslutningar er å rekne som private samankomstar. Det er smittervernstyresmakta som tolkar regelverket. Vi gjer altså ikkje ei førehandstolking av det. Generelt sett forstår vi ikkje regelverket slik at det ikkje kan vere eit kulturarrangement når avslutninga gjeld andre enn 10. eller 3. klasse, men på den andre sida skal det vere eit innhald som inneber at det er eit kulturarrangement.

### 6. Vaksine

#### **Endring av intervall mellom vaksinedosar**

Som de har fått brev om, har intervallet mellom første og andre dose av mRNA-vaksinar blitt redusert frå 12 til 9 veker. FHI tilrår at kommunane gjer om på avtalar som er gjort frå veke 20, så langt det er praktisk mogleg. FHI sa i møte tysdag at dei ikkje har planar om framtidige endringar av intervall, men dei kunne heller ikkje gje nokon lovnader då premissene kan endre seg.

#### **Sommarvaksinering**

Vi veit godt at det er vanskeleg for kommunane å kome lengre i planlegginga for sommaren utan å ha eit tal doser å halde seg til. FHI sa tysdag at dei hadde vente 4- vekersprognose frå Pfizer frå og med denne veka, men at dei ikkje hadde fått det likevel. Dei ventar å få dette neste veke. FHI sa samstundes at dei vil lage ein eigen sommarprognose mot slutten av denne veka, men at det vil vere knytt ei større uvissheit til den utan tala frå Pfizer.

**Etterregistrering av vaksiner gitt i utlandet i SYS,**



Vaksinar gitt i utlandet skal framleis ikkje registrerast i SYSVAK. FHI jobbar med oppdrag frå Helse- og omsorgsdepartementet som skal leverast i morgon der dei ser på dette. Det er Helse- og omsorgsdepartementet/regjeringa som tek endeleg avgjerd.

### Kommunikasjon

FHI har laga produktbrosjyrar for godkjende vaksinar på mange ulike språk, og tanken er at dei som blir vaksinate skal få denne i handa etterpå. FHI ser at det er skilnad mellom kommunane når det gjeld dette, men dei tilrår slik praksis.

Informasjonsmateriell til kommunane finn de her:

<https://www.fhi.no/nettpub/koronavaksinasjonsveilederen-for-kommuner-og-helseforetak/koronavaksinasjon-i-kommunene/informasjonsmateriell-til-kommuner/?term=&h=1>

FHI vil gjennomføre ein informasjonskampanje for å støtte opp under vaksineringsarbeidet i kommunane i veke 24.

## 7. Janssen-vaksinen

I går vart det kjent at regjeringa har teke avgjerd om at Janssen-vaksinen skal bli tilbydd utanfor vaksinasjonsprogrammet. Frå 15. juni kan innbyggjarar bestille time for vurdering hjå private legar, vaksinasjonsklinikkar og einskilde fastlegar som tilbyr dette. Vaksinen er gratis. Legen har inga plikt til å tilby Janssen-vaksinen, men legar som ønsker det kan føreskrive vaksinen og det er fastsett egne takstar for dette arbeidet. Vaksinen bestillast frå FHI. Helsedir har beskrive nokre situasjonar der dei meiner denne vaksinen kan vere aktuell, men det er legen som har siste ordet då nytten må vurderast som større enn risikoen for alvorlege biverknader.

Personen må skrive under på informert samtykke, og vaksine vil ikkje bli gitt same dag som vurderinga. Vi les i avisa i dag at Volvat og Dr. Dropin allereie har sagt nei til å tilby Janssen-vaksinen.

De finn meir utfyllande informasjon og rettleiingsmateriell her:

[https://www.helsedirektoratet.no/nyheter/vaksinasjon-med-janssen-vaksinen?utm\\_source=abonnement&utm\\_medium=epost&utm\\_campaign=nyhet](https://www.helsedirektoratet.no/nyheter/vaksinasjon-med-janssen-vaksinen?utm_source=abonnement&utm_medium=epost&utm_campaign=nyhet)

## 8. Testing ved private aktørar


Bruk av koronasertifikat innanlands krev god tilgang til testing. Helse- og omsorgsministeren sa på pressekonferanse i går at det blir etablert eit system med statleg finansiering av testing utført av private aktørar. Det skal brukast antigen hurtigtestar og det skal registrerast i MSIS, slik at det blir synleg i koronasertifikatet. Det jobbast med forskrift der det blir stilt krav som dei private aktørane må møte for å få refusjon per test. Testane blir gratis for dei som vil teste seg, og testsystemet skal vere i drift frå trinn 3 i gjenopningsplanen (som kan bli 17. juni). Vi trur dette vil bli relevant med omsyn til tilgangstesting for å kome inn på festivalar, arrangementet og liknande, jf. tidlegare spørsmål vi har fått frå Sogndal kommune.

## 9. Bestilling av hurtigtestar i turistkommunar

Helsedir ber om at turistkommunar som kan få auka behov for hurtigtestar i sommar, bestiller testar i god tid før sommarferien slik at Helsedir rekk å få sendt dei ut.



10.Epidemiologisk rapport



Detaljert oversikt i Sykdomspulsen: <https://spuls.fhi.no>

Full rapport kan de lese her: <https://www.fhi.no/publ/2020/koronavirus-ukerapporter/>

Fylkeslegens vurdering: <https://www.statsforvalteren.no/vestland/samfunnstryggleik-og-beredskap/krisehandtering-og-samordning/fylkeslegens-vurderingar/>